



LINDÅS KOMMUNE

Leiknes skule

5915 Hjelmås
Tlf. 56 37 50 38

Leiknes 10.06.2016

Lindås kommune

Merknad til høyring - kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028

Viser til høyring kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028 gjeldande for hausten 2016.

SU ser at det er positivt

- at det kjem ei ansvars plassering for samarbeid mellom instansar når det gjeld det ein skilde barnet og at tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats vert sterk vektlagd
- at konsultasjonsgruppe tek arbeidet med rettleiing og er eit drøftingsforum mellom ulike instansar innanfor oppvekstområdet

Andre kommentarar:

- Når DUÅ har fått så stor plass i planen, må det på plass kompetanseheving og oppfølging av programmet, oppfrisking og kursing av nyttilsette
- Viktig å få ein koordinator for LeseLos, og at ungdomsskulane og kjem med og arbeider etter dei same prinsippa
- Saknar konkrete møtepunkt der idrettslag og lag og organisasjonar som driv arbeid med barn kan samarbeide, barn opplever ofte dei same problema her som i skulen
- Saknar og ynskjer at planen inneheld opplegg for digital kompetanse og nettvett, at kommunen gjerne har eit opplegg for arbeid mot foreldre og tilsette
- Ynskjer at det skal opprettast rutinar for overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande skule
- Ynskjer faste rutinar for at PPT og helsesystemer møter foreldregruppa (Temasamlingar for foreldre)

SU ved Leiknes skule synes målsetjingane for planen er gode og vi meiner at dette generelt er ein god og gjennomarbeida plan.

For samarbeidsutvalet v/Leiknes skule

Katrine Hopland, rektor

